

VOSS ENERGI PRODUKSJON AS  
Postboks 205  
5702 VOSS

Vår dato: 13.09.2018  
Vår ref.: 201834224-7  
Arkiv: 317  
Dykkar dato: 30.04.2018  
Dykkar ref.: Ole-Reidar Flatby

Sakshandsamar:  
Katarina Eftevand  
22 95 95 15/kace@nve.no

## Lussand kraftverk - Granvin herad, Hordaland fylke - godkjenning av detaljplan for miljø og landskap

Vi viser til Dykkar brev datert 30.04.2018 vedlagt detaljplan av 18.04.2018 for miljø og landskap for Lussand kraftverk.

Saka er handsama med heimel i vilkåra for miljø og landskap gitt i konsesjon til Lussand kraftverk datert 31.03.2016, post nr. 4.

### Vedtak

*Med heimel i konsesjonen datert 31.03.2016 post nr 4 og 10 godkjenner NVE framlagte detaljplan for miljø og landskap av 18.04.2018 for bygging av Lussand kraftverk, Granvin herad.*

NVE presiserar at vi kun godkjenner prinsippa for slipppløysing og målemetode for pålagt minstevassføring slik dei er skildra i detaljplan for miljø og landskap. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å velje hensiktsmessig måleutstyr for dokumentasjon av pålagt minstevassføring samt å sørge for riktig installasjon, noko som mellom anna omfattar kalibrering av utstyr, slik at krava til ei kvar tid er stetta. Vårt vedtak føreset at detaljplan for miljø og landskap er i samsvar med vilkår og føresetnader gitt i konsesjonen.

Vedtaket omfattar ikkje plan for sikkerheit av vassdragsanlegg i konsekvensklasse 1 og høgare etter damsikkerheitsforskrifta som også skal vere godkjent før anleggsstart.

Vilkår for godkjenning av detaljplan for miljø og landskap:

- Alm (NT), ask (NT) og barlind (VU) i edellauvskogen skal registrerast, merkast tydeleg og inngrep fortrinnsvis skal leggjast utanom desse lokalitetar.
- Utkast til opplysningsskilt for minstevassføring og skildring av plassering av skiltet skal sendast inn til godkjenning/kontroll før trykking, jf. konsesjonsvilkåra post 10.
- NVE skal haldast orientert om når anleggsarbeidet tek til, ved viktige og/eller kritiske fasar ved byggearbeidet, og når anlegget vert sett i drift.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

NVE vil følge opp arbeida med tilsyn.

NVE kan i enkeltvedtak påleggje tiltakshavar å bygge om minstevassføringsarrangementet dersom det viser seg at godkjent arrangement ikkje sikrar at pålagt minstevassføring til ei kvar tid blir sleppt. Ombygginga kan også krevjast dersom arrangementet ikkje gir tilstrekkeleg dokumentasjon på sleppt minstevassføring. Tiltakshavar vil då bli pålagt å utarbeide ein ny detaljplan for minstevassføringsarrangementet. NVE skal godkjenne prinsippa for slippløysing for pålagt minstevassføring og målemetode som er presentert i ny detaljplan.

Det kan frå NVE sitt miljølitsyn bli stilt krav om ytterlegare detaljar for alle delar av tiltaket. Slike planar skal godkjennast av NVE.

### **Bakgrunn**

Konsesjon til bygging av Lussand kraftverk vart gitt 31.03.2016. Kraftverket omfattar overføring i ca. 220 m lang, nedgraven røyr frå Hedlerelvi til Støselvi, hovudinntak og dam i Støselvi på kote ca. 149, nedgraven røyrgate frå Støselvi til kraftstasjonen like ovanfor Fv. 7 og utløp i delvis nedgraven kanal. Overføringsterskel i Hedlerelvi vert plassert på kote ca. 430. Det vert etablert ca. 20 m lang veg til kraftstasjonen frå privat tilkomstveg til gardstunet like etter avkøyrsel frå fylkesvegen. Tilkomst til inntaket i Støselvi vert via eksisterande veg (Stølsveien). Denne vegen vert rusta opp og forlenga med ca. 30 m. Største slukeevne i Lussand kraftverk vert på 1300 l/s, minste slukeevne på 64 l/s og installert effekt på 1,6 MW. Det skal sleppast minstevassføring på 50 l/s i perioden 1.mai-30.september og 10 l/s resten av året frå inntaket i Støselvi. Frå Hedlerelvi skal det sleppast 50 l/s i perioden 1.mai-30.september og 20 l/s resten av året. Overføringskapasitet skal ikkje overstige 300 l/s.

Detaljplan for Lussand kraftverk vart sendt på avgrensa høyring til Granvin herad, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune.

### **NVE sine vurderingar**

#### *Vurdering av høyringsinnspel*

Hordaland fylkeskommune har uttalt følgjande i brev datert 11.06.2018:

*« Konklusjon: Hordaland fylkeskommune vurderer området til å ha lite potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Den omsøkte utbygginga vil ikkje komma i konflikt med kjende automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av tiltaka i samband med kraftverket søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Dersom det kjem fram eventuelle funn ved gjennomføring av tiltaket må Hordaland fylkeskommune få melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltningsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet (jf. kulturminnelova 8, 2.ledd).»*

Granvin herad har uttalt følgjande i brev datert 14.06.2018:

*«Granvin herad vurderer heilskapen i Lussand Kraftverk sin detaljplan for miljø og landskap til å vera god, men ber om at:*

- 1. Stillinga som miljøkoordinator må vera fylt innan oppstart.*
- 2. Avbøtande tiltak for å ta vare på edellauvskog må verta heilt tydelege. Det må gå klart fram av planen kva som skal vera gjeldande for inngrep i bestandane. I tillegg til registrering før oppstart bør grenser for inngrep verta kartfesta.*

3. Regelverk og ansvar for handtering av avfall og ureining må kommuniserast tydeleg.
4. Ein gjennomgang av prinsipp for landskapsarbeid må gjennomførast på staden (ved oppstartssynfaring) med entreprenørane til stades. Fagfolk må halda gjennomgangen, slik at det grunnlaget for at ein gjennomfører tiltak vert tydeleg kommunisert.»

Fylkesmannen i Hordaland har ingen vesentlege merknader til detaljplanen jf. e-post datert 11.06.2018.

Detaljplan for miljø og landskap for Lussand kraftverk skildrar prinsipp for gjennomføring av tiltaket og tilbakeføring av berørte område etter avslutta byggefase. Granvin herad peikar på fleire moment i si uttale datert 14.06.2018. NVE er av den oppfatning at desse problemstillingar er skildra godt nok i detaljplanen. Vi viser til § 5.2 og 5.3 i *Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga (FOR 2011-10-28 nr. 1058 IK-vassdrag* og føreset at stillinga som miljøkoordinator vert fylt før anleggsstart.

#### *Vurderingar etter naturmangfaldlova*

I medhald av naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 - 12 bli lagt til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynde. På den måten skal forvaltninga i vedtaka gjere greie for å synleggjere kunnskapen om og verknadane som eit tiltak vil få for naturmangfald, og korleis den har komme fram til resultatet i den konkrete saka.

Saka har nyleg vore opplyst gjennom konsesjonsbehandling, og i denne prosessen har naturmangfaldlova kapittel II blitt vurdert. Den innsendte planen er etter NVE si vurdering innanfor dei råmene som er vurdert i konsesjonen. NVE har difor ikkje satt i verk nye vurderingar av tiltaket som heilskap etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 og viser til vurderingane som har blitt gjort i konsesjonsprosessen.

#### *Registrering av minstevassføring, krav om skilting og merking*

NVE vurderer at metoden som er presentert for slipp- og dokumentasjon av minstevassføring gitt riktig installasjon og oppfølging vil kunne ivareta konsesjonsvilkårets post 1 om minstevassføring.

NVE set funksjonskrav og godkjenner prinsippa for målemetode og slippløsning, men ikkje val av utstyr eller leverandør. Difor må kalibrering, kontrollmåling og dokumentasjon på at vald løysing er dimensjonert for å oppfylle krava, kunne presenterast på førespurnad frå NVE. For slepp av minstevassføring som vert målt direkte ved vassgjennomstrøyming i røyr er det særskilt viktig å sjå til at føresetnadene for at måleutstyret gir riktige verdiar er stetta. Dette gjelder særskilt krav om rettstrekning på røyr, fylt vassrøyr og laminær vass-straum.

For krav til merking og visuell kontroll blir det vist til kap. 1.2 i NVE Rettleiar 1/2012 "*Slipp og dokumentasjon av minstevannføring for små vassdragsanlegg med konsesjon*". Skiltmal kan ein finne på NVE sine nettsider, [www.nve.no](http://www.nve.no).

### **Forholdet til anna lovverk**

#### *Plan- og bygningslova*

Tiltaket har konsesjon og er difor unnateke frå byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova (pbl), forutsett at det er i samsvar med lova si føresegn med tilhøyrande forskrifter, kommuneplanens arealdel og reguleringsplan. Dette følgjer av forskrift om byggesak (FOR 2010-03-26-488 - byggesaksforskrifta) § 4-3 første ledd. Føresegna i pbl om tekniske krav (§ 29-5) og krav til produkt til byggverk (§ 29-7) med tilhøyrande delar av byggtknisk forskrift gjeld så langt dei passar for nemnde tiltak.

Når anlegget er ferdig bygd, skal konsesjonæren syte for at kommunen får tilsendt kartdata i egna kartformat med alle fysiske anlegg slik at kartdata på enkel måte kan gjerast tilgjengeleg.

Vi gjer merksam på at tiltaket ikkje må vere i strid med kommuneplanens arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Konsesjonæren er ansvarleg for dette, behovet for dispensasjon frå gjeldande arealplan må vere avklart med kommunen før arbeida kan ta til. Konsesjonæren er òg ansvarleg for at tiltaket vert gjennomført i samsvar med dei føresegna i pbl som gjelder for tiltaket, og dei gjeldande underliggande føresegna.

Før anleggsarbeidet startar er tiltakshavar ansvarleg for å innhente nødvendige løyve etter anna lovverk.

### **Tilleggsopplysningar**

Vi minner om post 3 om konsesjonærens ansvar ved anlegg/drift og post 6 om kulturminner som vi føreset blir følgt opp i forkant av og under anleggsperioden.

Vi gjer merksam på at konsesjonær må ha dei nødvendige privatrettslege rettigheter før arbeidet begynner.

Anlegget er både for planlegging, bygging og seinare drift underlagt føresegn om internkontroll i samsvar med *Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (FOR 2011-10-28 nr. 1058 IK-vassdrag)*. Ved tilsyn på anlegget vil NVE sjå til at internkontroll etter denne forskrifta er etablert.

Vi ber om at konsesjonæren seinast 1 månad etter oppstart av kraftverket sender inn melding om dette til NVE på skjema som ligg på NVE si heimeside (<https://www.nve.no/om-nve/skjema-og-rapporteringsordninger/>).

### **Høve til å klage**

Denne avgjersla kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå tidspunktet som denne underrettinga har kome fram, jf. forvaltningslova kapittel VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg til Olje- og energidepartementet, og sendast til NVE. Vi føretrekk elektronisk oversending til den sentrale e-postadressa vår [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no).

Med helsing

Ingunn Åsgard Bendiksen  
direktør

Mari Hegg Gundersen  
seksjonssjef

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:

Kopi til:



Fylkesmannen i Hordaland  
Granvin herad  
Hordaland fylkeskommune